

Uskedelingen Kari Merete Ersland (33) som er utdanna cand.scient. i molekylærbiologi ved Universitetet i Bergen, disputerer i morgon torsdag for doktorgraden ved det same universitetet..

Avhandlingen heiter Identification and characterisation of regionally enriched cortex genes in the rat brain.

Den forskning som ligg til grunn handlar om jakt etter sårbarheitsgen for alvorlege sinnslidingar.

Schizofreni og bipolar sjukdom råkar kvar ein prosent av befolkninga her i landet. Dei er arvelege og ein veit at endringar i bestemte område av hjernebarken har samanheng med desse sjukdommane.

Hjernebarken er eit område som er knytt til personlegdom og har ansvar for tolking av sanseintrykk, medviten kontroll av rørsler og såkalla kognitive (sanselege) eigenskapar.

Pasientar med alvorlege sinnslidingar har ofte symptom knytta til endra funksjon i delar av hjernebarken, til dømes hallusinasjonar og svekka sanselege eigenskapar. Årsakene er ikkje avklarte, men DNA-variantar i opptil fleire tusen gen kan vera medverkande. I mange tiår har det vore arbeid med å identifisera slike variantar, men så langt har ein ikkje noko klårt bilete av alle gen som er involvert

Ersland har i doktorgradsarbeidet sitt identifisert gen som kan vera viktige for funksjonane til hjernebarken. Ho har analysert genaktiviteten i deler av hjernebarken hos rotte. Hos menneske har tilsvarande vore knytt til schizofreni og bipolar sjukdom.

Ersland fann at dei gena ho undersøkte truleg ikkje er involvert i sårbarheit for sjukdom men at gen særskilt aktive i tinningsområdet av hjernebarken er knytt til evna ein har til å resonnera. Ho fann også teikn på at eit av gena kan vere viktig for handsaming av sanseintrykk.

Forskningsarbeidet er utført i dr. Einar Martens forskningsgruppe for biologisk psykiatri

Av Ola Matti Mathisen